



Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/6307-4

Tertialrapport 2/2016

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr.
- 2 Lokale inntekter vert redusert med 1,250 mill. kr.
Ekstraordinære avdrag vert redusert tilsvarande.
- 3 Sentralt budsjetterte midlar til pensjon vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar til investering vert auka med 0,500 mill. kr.
- 5 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert redusert med 2,600 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 4000 Utgiftert til fylkestinget, utval og ordførar vert auka med 1,000 mill. kr.*
 - Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 3,300 mill. kr*
 - Teneste 4801 Personalforsikringar vert redusert med 0,300 mill. kr.*
- 6 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 18,450 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert redusert med 1,000 mill. kr.*
 - Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 5,330 mill. kr.*
 - Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 1,690 mill. kr.*
 - Teneste 5152 Eleveksamen vert redusert med 0,400 mill. kr.*
 - Teneste 5200 Pedagogisk leiing mv. vert auka med 1,340 mill. kr.*
 - Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 9,000 mill. kr.*
 - Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.*
 - Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 0,400 mill. kr.*
 - Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,100 mill. kr.*
 - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert redusert med 2,400 mill. kr.*
 - Teneste 5901 Privatisteksamen vert auka med 0,400 mill. kr.*
 - Teneste 5903 Karriererettleiing vert redusert med 0,250 mill. kr.*
- 7 Sektorbudsjettet til næring og kultur, teneste 7500 Kulturminnevern, vert auka med 0,400 mill. kr.
- 8 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 45,150 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.

C. Andre område

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 4 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 5 vert teken til vitande.

Vedlegg:

1. Økonomiske endringar i driftsbudsjettet som følgje av T2/16.
2. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan.
3. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan.
4. Rapportering på finansporteføljen.
5. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga.
6. Notat om støtte til nyetablerte verksemdar.

SAKSFRAMSTILLING

1. ØKONOMISK STATUS

Budsjett- og økonomiplanarbeidet i fylkeskommunen har vore prega av omstillingsarbeid i høve reduserte inntektsrammer. Arbeidet med å møte eit lægre inntektsnivå held fram, og vedteken økonomiplan byggjer framleis på ein del usikre føresetnadar. Dette gjeld m.a. føresetnaden om at tapskompensasjonsordninga vert trappa opp. Vidare er det ein pågåande prosess knytt til regionreforma, som no bidreg til ytterlegare usikkerheit kring inntektsrammene.

Denne tertialrapporten syner eit mindreforbruk i drifta på om lag 45,2 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak nye prognosar i høve pensjonsutgifter og eit mindreforbruk på opplæringssektoren. Fylkesrådmannen tilrår å saldare denne tertialrapporten med ei avsetning til bufferfondet i staden for gjeldsanering. Dette vert gjort med bakgrunn i pågåande regionreformprosess. Avsettinga til fond kan reverserast i budsjettjusteringssaka i desember om føresetnadane har endra seg. Dei tilrådde økonomiske endringane i driftsbudsjettet som følgje av denne saka vert vist i tabell i vedlegg 1.

Hovudutvalet for samferdsle vil denne gongen handsame ein eigen tertialrapport, jf. budsjettreglementet pkt. 2.5.7. Det er såleis kun investeringsprogrammet for fylkesvegar som er med i denne tertialrapporten. Det vert for investeringsbudsjetta for fylkesveg og skredsikring lagt opp til ein samla auke på 9,9 mill. kr. Auken skuldast hovudsakleg at fylkeskommunen sine prosjekt i Førdepakken i 2016 er innarbeidd i investeringsprogrammet.

For investeringsbudsjettet på bygg er det lagt opp til ein reduksjon på 27,3 mill. kr. Dette er i hovudsak knytt til forskyvingar i prosjekta, der løyvinga vert overført til seinare år.

2. DRIFTSBUDSJETTET

2.1 Fylkesskatt og statlege overføringar

Fylkesskatt

Skatteanslaget i budsjettet for 2016 byggjer på ein samla skatteinngang for fylkeskommunane på 3,6 %. I revidert nasjonalbudsjett 2016 vart auken i skatteinntektene for 2015 delvis vidareført i 2016, og samla skatteanslag for fylkeskommunane vart justert opp til 4,1 %.

Ved utgangen av juli har fylkeskommunane ein auka skatteinngang på 4,5 %.

Basert på justert skatteanslag for fylkeskommunane samla og skatteinngang pr. juli 2016 tilrår fylkesrådmannen å auke skatteanslaget for inneverande år med 5 mill. kr.

2.2 Kapitalinntekter- og utgifter

Renteinntekter

Likviditeten i perioden har vore noko høgare enn det som vart lagt til grunn i tertialrapport 1/16. Dette gir grunnlag for å auke renteinntektene med 1 mill. kr.

Rentekompensasjon for investeringar i skulebygg og transporttiltak

Oppdaterte prognosar syner at rentekompensasjonen for skulebygg og transporttiltak vert redusert i 2016. Årsaka er at forventane rentenivå er lægre enn føresett. Samla vert budsjettert for dei to rentekompensasjonsordningane redusert med 4 mill. kr i 2016.

Renteutgifter

Renteutgiftene vart ved ein feil redusert med 5,000 mill. kr i tertialrapport 1/16. Dette beløpet vart omdisponert til avdrag. Fylkesrådmannen må no reversere denne omdisponeringa og vil tilrå å auke renteutgiftene med 5 mill. kr.

Avdrag

I tråd med fylkesrådmannen si fullmakt, jf. budsjettreglementet pkt. 2.6.9, vil endringane nemnt i punkta over redusere nedbetaling av gjeld. Budsjetterte avdrag vert som følgje av dette redusert med 8 mill. kr.

Fylkesrådmannen tilrår at reduksjonen i lokale inntekter på 1,250 mill. kr vert saldert mot nedbetaling av gjeld, jf. pkt. 2.3. Samla vert avdrag redusert med 9,250 mill. kr.

2.3 Lokale inntekter

Utbytte

Utbetalt utbytte frå F1 Holding AS i 2016 er 3,3 mill. kr lægre enn budsjettert. I tillegg har Firda Billag AS betalt ut utbytte på 0,050 mill. kr. Samla gjev dette ei mindreinntekt på 3,250 mill. kr i 2016.

I samband med F1 Holding AS sitt sal av Fjord1 AS til Havilafjord AS er det lagt til grunn eit ekstraordinært utbytte frå F1 Holding AS til fylkeskommunen i 2016. Desse inntektene skal nyttast til ekstraordinære avdrag av lånegjeld, Jf. FT-sak 30/2016. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette i budsjettjusteringsaka i desember.

Konsesjonskraft

Oppdaterte prognosar syner at vi må justere opp inntektene våre med 2 mill. kr i høve tertialrapport 1/16. Årsaka til auken er i hovudsak betre prisar på konsesjonskrafta.

Vurdering av lokale inntekter - samla

Oppsummert vert lokale inntekter redusert med 1,250 mill. kr.

I tråd med vedteken bruk av lokale inntekter til driftsføremål (65 mill. kr i 2016), tilrår fylkesrådmannen at avdrag på lånegjelda vert redusert tilsvarande, jf. pkt. 2.2.

2.4 Pensjonsutgifter

Det vart varsla i tertialrapport 1/16 at budsjettert for pensjonsutgiftene er for høgt. Nye vurderingar no tilseier at det framleis er grunnlag for å redusere budsjettert. Den samla pensjonskostnaden som skal rekneskapsførast er vorte betydeleg redusert i løpet av 2016. Dette medfører at vi skyv meir av kostnadane framføre oss i form av premieavvik. Premieinnbetalinga til selskapa er også redusert som følgje av forventningar om ein lågare lønsvekst. Den faktiske kostnaden er framleis usikker, men ut frå beste estimat tilrår fylkesrådmannen at samla budsjett for pensjonsutgifter vert redusert med 20 mill. kr i 2016.

2.5 Driftsmidlar til investering

Fylkesrådmannen vil kjøpe eit nytt skuleskyssprogram i 2016 som vi fram til no har budsjettert med over driftsbudsjettet. Ei ny vurdering syner at dette kjøpet vert ein investeringsutgift. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å omdisponere 0,5 mill. kr frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet. Dette vil såleis ikkje ha noko salderingsmessig konsekvens.

Driftsmidlar til investering vert auka med 0,5 mill. kr. Teneste 4200 Administrasjon vert redusert tilsvarande.

2.6 Politisk styring, plan og forvaltning

Teneste 4000 Utgifter til fylkestinget, utval og ordførar

Tenesta skal dekke utgifter til drift av sentrale politiske organ. Prognosar per 2. tertial syner at vi får eit meirforbruk på denne tenesta i inneverande år. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert auka med 1 mill. kr. Hovudårsaka til dette er stor aktivitet knytt til Fjord1-saka og regionreforma.

Teneste 4200 Administrasjon

Deler av sentraladministrasjonen vert budsjettert på sektorane, jf. KOSTRA-rettleiaren. I budsjettet for 2016 pkt. 2.6.3 har fylkesrådmannen følgjande fullmakt:

«Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane innanfor sentraladministrasjonen i samanheng. Fullmakta gjeld også løyvingane til administrasjonsutgifter som er fordelt på andre programområder.»

Fylkesrådmannen har ei restriktiv haldning ved vurdering av behov for tilsetjingar i vakante stillingar/permisjonar. Prognosar per 2. tertial syner eit mindreforbruk knytt til sentraladministrasjon i 2016. Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga vert redusert med 2,800 mill. kr.

I tillegg vert løyvinga redusert med 0,5 mill. kr som vert omdisponert til investeringsbudsjettet, jf. omtale i pkt. 2.5 .

Samla vert tenesta tilrådd redusert med 3,3 mill. kr.

Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter

Prognose pr. 2 tertial syner eit meirforbruk på tenesta. Fylkesrådmannen vurderer det slik at det er for tidleg å gjere noko med budsjettet no, då arbeidet kring salet av Fjord1 AS enno ikkje er avslutta. Vidare har fylkeskommunen motteke ein refusjon frå Torghatten ASA knytt til kjøp av konsulenttenester. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette i budsjettjusteringssaka i desember.

Teneste 4801 Personalforsikringar

Tidlegare har betalingane for personalforsikringane gått frå perioden 01.05 til 30.04 året etter. Dette vert no endra slik at betalingane skal følgje rekneskapsåret. Som følgje av dette vert vi kun belasta for 8 månader i 2016 og får såleis ein innsparing på 0,3 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert tilsvarande.

2.7 Opplæring

Fylkesrådmannen tilrår endringar på fleire budsjettpostar på sektoren. Desse vert omtala på tenestenivå under. Fleire av dei tilrådde endringane får også konsekvensar for nivået i økonomiplanperioden. Desse endringane vert innarbeidd i budsjett 2017/økonomiplan 2017-20.

Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg

Det er budsjettert med ei løyving på 14,281 mill. kr for å dekke kostnader knytt til energi på skulane. Rekneskapsplanen pr. 2. tertial tyder på at denne løyvinga ligg for høgt. Hovudårsaka til mindreforbruket skuldast låge straumprisar. Teneste 5101 vert redusert med 1 mill. kr som følgje av mindreforbruket.

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter

Forvaltning og fellesutgifter - ufordelte midlar til skulane

Årsprognosen for 2016 viser ei innsparing på 1,9 mill. kr. Ein del av innsparinga er knytt til at tiltak i skulebruksplanen vert iverksett eitt år tidlegare enn føresett. Vidare viser det seg at det generelle nivået ligg for høgt, og kan takast ned med varig effekt. Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga på tenesta vert redusert med 1,9 mill. kr i 2016, 1,7 mill. kr i 2017 og 0,9 mill. kr årleg frå 2018.

Pilotprosjekt IKT

Gjennom pilotprosjekt IKT skal det i perioden haust 2016-vår 2018 prøvast ut ein driftsmodell der vi samlar IKT-drifta for dei vidaregåande skulane i ei felles driftseining. Dette skal sikre ei kostnadseffektiv drift som er tilpassa fylkeskommunen sitt samla behov. Samstundes vert ressursen til e-pedagog på dei vidaregåande skulane auka. Endringane vert finansiert med omdisponering av midlar innan opplæringssektoren. Som følgje av dette tilrår fylkesrådmannen at tenesta vert redusert med 3,430 mill. kr i 2016, 7,550 mill. kr i 2017 og 4,110 mill. kr i 2018. Midlane vert omdisponert til teneste 5151 Fellesutgifter og 5200 Pedagogisk leing mv.

Samla vert tenesta redusert med 5,330 mill. kr i 2016.

Teneste 5151 Fellesutgifter

Arbeidet med nytt skuleadministrativt system (VISMA flyt skole) er omfattande, og forseinka framdrift medfører noko forskyving av kostnadane. Dette medfører reduserte kostnader i 2016 med 0,4 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert tilsvarande.

Som følgje av pilotprosjekt IKT tilrår fylkesrådmannen at tenesta vert auka med 2,090 mill. kr i 2016, 4,540 mill. kr i 2017 og 2,480 mill. kr 2018. Midlane vert omdisponert frå teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter.

Samla vert teneste 5151 Fellesutgifter auka med 1,690 mill. kr i 2016.

Teneste 5152 Eleveksamen

Det er i 2016 budsjettert med 1,5 mill. kr til gjennomføring av eleveksamen. Årsprognosen viser eit mindreforbruk på om lag 0,4 mill. kr. Innsparinga skuldast reduserte utgifter til produksjon av eksamensoppgåver og sensur. Dette har samanheng med utvida samarbeid om eksamensavviklinga mellom fylkeskommunane. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert med 0,4 mill. kr frå 2016.

Teneste 5200 Pedagogisk leing mv

Som følgje av pilotprosjekt IKT vert løyvinga til e-pedagog på dei vidaregåande skulane auka med 1,340 mill. kr i 2016, 2,930 mill. kr i 2017 og 1,6 mill. kr i 2018. Midlane vert omdisponert frå teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

I omstillingsarbeidet har vi i 2016 i stor grad funne løysingar når det gjeld utfordringane med over-tal. Mellom anna har talet på grupper auka i høve føresetnadane i skulebruksplanen, og behovet for omstillingsmidlar har vorte monaleg mindre enn budsjettert. Fylkesrådmannen rår til at løyvingane til omstillingsmidlar og seniortiltak vert sett som ein samla omstillingspott og at tenesta i 2016 vert redusert med 9 mill. kr.

5210 Utdanningsprogramma

Årsprognosen viser ei innsparing på om lag 3 mill. kr i 2016. Om lag 0,6 mill. kr av dette skuldast innsparing som følgje av ei unyttige gruppe i opplæringstilbodet for skuleåret 2016-17, medan om lag 1,9 mill. kr er knytt til midlar øyremarka ordninga med rett til tilbod etter oppnådd fagbrev. Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga vert redusert med 3 mill. kr i 2016 og 1,750 mill. kr i 2017.

Teneste 5611 PP-tenesta

Som følgje av auka inntekter og vakanse på det fylkeskommunale PP-kontoret tilrår fylkesrådmannen at nettøløyvinga vert redusert med 0,4 mill. kr.

Teneste 5613 Oppfølgingstenesta

Som følgje av at skulane sjøve dekker alle kostnader knytt til nettverkssamarbeid i OT, tilrår fylkesrådmannen at løyvinga vert redusert med 0,1 mill. kr i 2016 og at løyvinga frå 2017 vert teken bort.

Teneste 5701 Opplæring i bedrift

Det er i 2016 budsjettert med om lag 7,1 mill. kr til stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa (ekstramidlar til fagopplæring). Årsprognosen viser eit mindreforbruk på om lag 2,4 mill. kr og fylkesrådmannen tilrår at løyvinga vert redusert tilsvarande for 2016 og 2017. I vedteken økonomiplan er det føresett ein årleg reduksjon på 2,4 mill. kr frå 2018.

Teneste 5901 Privatisteksamen

Årsprognosen tyder på eit meirforbruk på om lag 0,4 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta frå 2016 vert auka tilsvarande.

Teneste 5903 Karriererettleiing

Det er i 2016 budsjettert med om lag 0,6 mill. kr til føremålet. I tillegg kjem statleg tilskot på om lag 1,8 mill. kr. Årsprognosen tyder på ei innsparing på 0,250 mill. kr i 2016. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert tilsvarande.

2.8 Næring og kulturTeneste 7019 Andre næringsområder

Fylkeskommunen tildeler Innovasjon Norge midlar som m.a. vert nytta som tilskot og lån til næringslivet i fylket. Deler av desse midlane vert avsett på eit sentralt tapsfond for å dekke ev. tap i samband med desse utlåna. Når det er tilstrekkeleg med midlar på dette tapsfondet vert overskytande tilbakeført. I 2016 er det tilbakeført om lag 1,5 mill. kr til fylkeskommunen.

I tråd med tidlegare praksis vert denne tilbakeføringa inntektsført på sektoren næring og kultur til bruk i 2016. Fylkesrådmannen tilrår at inntekta, i år som i fjor, vert nytta som midlar inn i preså Kornfondet, jf. pkt. 5 under. Tiltaket har såleis ingen salderingsmessige konsekvensar.

Teneste 7500 Kulturminnevern

Fylkesarkivet sine databaseløysingar har behov for fornying. Ein stor del av arbeidet er gjort, men for å fullføre arbeidet er det behov for ekstern bistand. Fylkesrådmannen tilrår at teneste 7500 Kulturminnevern vert auka med 0,4 mill. kr til kjøp av tenester i samband med fornying av databaseløysingane.

3. KAPITALBUDSJETTET

3.1 Investeringsprogram for bygg

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til ein samla reduksjon i investeringsbudsjettet for bygg på 27,3 mill. kr. Reduksjonen er i hovudsak knytt til tidsforskyvingar.

Fylkesrådmannen føreset at reduserte løyvingar til prosjekta i vedlegg 2, vert løyvd opp att i investeringsprogrammet i budsjett 2017/ økonomiplan 2017-2020.

Endringar for prosjekt som ikkje gjeld tidsforskyvingar er omtala under.

IU200 Utstyr

Utstyrløyvingane til skulane vert auka med 1,957 mill. kr. Auken skuldast at oppattløyvinga av mindreforbruk i 2015 i tertialrapport 1/16 var tilsvarande for lite.

SA002 Skuleskyssprogram

Det er behov for eit nytt skuleskyssprogram. Kommunar og skular melder inn behov for skuleskyss til grunnskule og vidaregåande skule i dette skuleskyssprogrammet. Programmet dannar grunnlag for praktisk organisering av skuleskyssen, produksjon av skuleskysskort og fakturering til kommunane. Kostnaden knytt til dette programmet er på 0,625 mill. kr inkl. mva.

Detaljert investerings - og finansierings program for bygg følgjer som vedlegg 2.

3.2 Investeringsprogram for fylkesvegar

Fylkesrådmannen tilrår i denne tertialrapporten å auke investeringsbudsjettet for fylkesvegar med 9,9 mill. kr frå 476,6 mill. kr til 486,5 mill. kr. Den største endringa er at vi no aukar investeringsbudsjettet med kostnadar knytt til Førdepakken. Denne investeringsutgifta vert i 2016 finansiert med bompengar og mva. kompensasjon.

Skredsikring på fylkesvegnettet

Budsjettet til skredsikring blir samla redusert med 0,850 mill. kr. Statleg tilskot til skredsikring vert redusert tilsvarande.

Det vert lagt opp til følgjande endringar:

- Fv. 337 Bjødnabakken vert redusert med 3 mill. kr ut frå oppdatert prognose på forbruk i 2016.
- Fv. 615 Reddasvora vert auka med 1,649 mill. kr grunna raskare framdrift enn føreset.
- Fv. 55 Renninganeset – rasvoll Lånefjorden vert auka med 0,5 mill. kr grunna meirforbruk.

Detaljert investerings- og finansieringsprogram for skredsikring følgjer som vedlegg 3.

Ordinære investeringar på fylkesveg

Budsjettet til ordinære investeringar vert samla auka med 10,718 mill. kr. Auken skuldast hovudsakleg at fylkeskommunen sine prosjekt i Førdepakken i 2016 no er innarbeidd i investerings-

programmet. Dette har ikkje vore mogleg tidlegare då vi ikkje har hatt tilstrekkeleg informasjon om kostnader knytt til fylkesvegprosjekta. Førdepakken vert i 2016 finansiert med bompengar og mva. refusjon. Samla vert øvrige prosjekt på investeringsbudsjettet redusert med 3,9 mill. kr.

Det vert lagt opp til følgjande endringar:

- Fv. 616 Sør dal - Kolset (Bremangersambandet) vert auka med 1,084 mill. kr grunna auka kostnad knytt til grunnerv.
- Fv. 609 Dalsfjordsambandet vert redusert med 2 mill. kr. Anleggsoppgjer med energiselskap er venta å trekkje ut i tid. Midlane må løyvast opp i 2017.
- Fv. 60 Olden - Innvik (Holentunnelen) vert auka med 0,395 mill. kr grunna mindre eigedomstiltak. Prosjektet vert avslutta. Det er framleis usemje om signert avtale med grunneigar.
- Fv. 60 Uгла-Skarstein vert redusert med 5 mill. kr då bygging kom i gang seinare enn føreset. Midlane må løyvast opp att i 2017.
- Fv. 337 - Skredradar Veitastrand vert auka med 0,4 mill. kr grunna etablering av stabilt samband til skredradaren og auka kostnader til programmering.
- Førdepakken vert auka med 14,682 mill. kr. Dette er ei samla løyving for alle delprosjekta i 2016.
- Fv. 545 Kinnvegen vert auka med 1,250 mill. kr. Auken er knytt til forlenga drift av anleggskontor, eigedomstiltak og grunnerstatningar. Arbeidet med grunnerstatningar vil ikkje bli ferdig før i 2017.
- Fv. 55 Håland - Austreim vert redusert med 0,093 mill. kr. Prosjektet vert avslutta.

Detaljert investerings - og finansierings program for ordinære investeringar på fylkesveg følgjer som vedlegg 3.

4. RAPPORTERING PÅ FINANPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT

Rapportering på finansporteføljen per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/16. Rapporten følgjer som vedlegg 4.

Rapporten på konsesjonskraftomsetjinga per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/16. Rapporten følgjer som vedlegg 5.

5. ANDRE SAKER

I vedlegg 6 legg fylkesrådmannen fram eit notat («Til: Fylkestinget», frå underteikna eigentleg til fylkesutvalet) om to fond som tilbyr risikovillig eigenkapital til bedrifter i oppstartsfase. Føremålet med notatet er å få ev. politiske signal på:

- Sogn og Fjordane fondet – korleis skal avsette midlar nyttast på ein best mogeleg måte.
- Fjord Invest Såkorn AS – kva haldning fylkeskommunen har til søknaden om auka kapitalinnskot.

Fylkesrådmannen legg fram notatet utan tilråding. Eventuelle løyvingar må løftast inn i den politiske handsaminga av tertialrapporten – dersom dei skal gjevast i denne omgang. Dette dreier seg altså om å gå inn på eigarsida eller «berre» yte tilskot.